

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid

Felles løns- og rekneskapskontor

1. Samarbeidskommunar

Avtalen gjeld mellom Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune. Lindås kommune er vertskommune.

2. Rettsleg grunnlag

Samarbeidet om felles løns- og rekneskapskontor er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova 28b.

3. Formål

Samarbeidet skal levere løn- og rekneskapstenester for kommunane. Nærare presisering av oppgåvene vert å avtale administrativt.

4. Arbeidsgiverforhold

Vertskommunen har driftsansvaret for felles løn- og rekneskapsavdeling, og ivaretar arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette ved avdelinga. Nytt felles løns- og rekneskapskontor inngår i Lindås kommune sin driftsorganisasjon, og tilsettingar ved avdelinga skjer av det organ og etter dei retningslinjer som gjeld for vertskommunen.

5. Delegering av mynde

Føresetnad for denne avtalen er at kommunestyret i samarbeidskommunane gjev rådmannen i eigen kommune instruks om delegering av eigen mynde jamfør kommunelova § 28b, punkt 3.

Rådmannen i Radøy og Meland delegerer naudsynt mynde til rådmannen i vertskommunen, Lindås kommune.

6. Økonomiske tilhøve

Samarbeidet skal ha eige budsjett og rekneskap. Budsjett skal godkjennast av rådmennene i dei tre kommunane.

Kostnadsfordelinga skal skje etter ein modell med 1/3 flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal i kommunane pr. 1. januar 2018.

7. Avtaletid og avtaleendring

Avtalen gjeld frå 01.08.18 og gjeld fram til 01.01.2020. Avtalen kan ikkje seiast opp.

Mindre endringar i avtalen kan forhandlast og vedtakast av rådmennene i dei tre samarbeidskommunane. Prinsipielle endringar skal vedtakast av kommunestyra.